

Ytre-Standal

Ei lita grend, og ein fjelldal urøyvd av kraftleidningar og nydyrking. Setra på *Hauen* er det sentrale turmålet. Herifrå er *Molladalen*, *Standaleidet* og alpine toppar innan rimeleg rekkevidde. Høgevatnet og Molladalsskaret er vanlege turmål, rute 3.17. Øvsteråsa er tydeleg heile vegen opp til Høgevatnet. I bygda går godt merka stiar både til Kagebakken, til Hjellane og Årsneset. Frå E39 ved *Festøy* ferjekai er det 10 km til Ytre-Standal, og 2 km bomveg opp i dalen.


Sollidalen er enklaste overgangen frå Ytre-Standal til Romedalen, opp til 1000 m. Ei **middels tung** rute som kjem inn på rute 3.18 ved *Brillevatnet*.

4.1 Ytre-Standal - Standaleidet

Ein klassisk overgang, også som vartur på ski. Siste halvdel av ruta er identisk med rute 4.4 til *Kvanndalsskaret* og *Kolåstinden*. Den beste fotursesongen her er frå juli - oktober. Det kan vere fare for stein- og snøras frå nordsida av *Storegjøltinden*. I 2010 har eit ras dekt noko av ruta.

Overgangen er **middels tung**, og passerer nokre snøfelt og litt bratte parti. På **8 km** kan du trenge **3-4 t**. Høgdeskilnad **200-1025-390 m**.

Frå enden av bomvegen er det **lett** og god sti opp til setra på *Hauen*, hit kjem du på under **1 t**. Dels raudmerka sti innover *Lisjekoppen*. Forholda inst i dalen må avgjere vegvalet opp skredområdet, ofte best å klyve opp hamrar mot aust. Frå *Kvanndalsskaret* ned til *Standalhytta*, sjå rute 4.4.



Ytstenedalen har like alpine omgjevnadar som *Molladalen*, med gamle kløvveggar frå Ytre-Standal eller *Årsneset*. Den smale snøbreen i dalen går opp mot skaret sør for *Holtanna*, nokre har oppdaga at dette er den villaste tilkomsten til *Molladalen*. Hugs at seint på sommaren kan breen vere hard og oppsprukken, og vrien å passere.

Ytre-Standal

Hjørundfjorden

mot Festøy 10 km